

God rutinar på politiattestordninga for idrettslaget:

- Ansvarleg for politiattestar set seg godt inn i informasjon om og innhenting/oppfølging av politiattestar: www.idrettsforbundet.no/klubbguiden/politiattest
- Gruppeleiarane vert gjort kjent med at dei har ansvar for å varsle ansvarleg for politiattestar når det kjem nye trenarar/lagleiarar osv. som skal søke politiattest.
- Ansvarleg for politiattestar følgjer jamnleg opp gruppeleiarane om det er nye som treng søke politiattest.
- Ansvarleg for politiattestar tek kontakt med den som skal søke (om vedkommande ikkje gjer dette sjølv innan kort tid).
- Ansvarleg for politiattestar fyller ut skjema med stadfesting frå idrettslag: <https://www.idrettsforbundet.no/globalassets/idrett/idrettsforbundet/politiattest/bekreftelse-pa-formal-med-politiattest.pdf>
Tips: Skjema kan fyllast ut elektronisk, også underskrift. Lag ein standard mal og send denne elektronisk til søkjar, saman med info om korleis ein søker: www.idrettsforbundet.no/klubbguiden/politiattest. **Søkjar fyller ut namn og personnummer og legg ved når søker (hugs å minn søkjar på å fyller ut dette!).**
- Søkjar søker sjølv:
 - Elektronisk søknad
eller
 - Papirsøknad per post (personar under 18 år må bruke denne), hugs då kopi av gyldig ID.
- Etter 4 veker bør ansvarleg for politiattestar etterspørje dei han/ho har sendt stadfesting frå idrettslag til og som ikkje har vist fram politiattest.
- Politiattesten blir sendt til søkjaren sjølv, og han/ho viser denne fram for **ansvarleg for politiattestar** i idrettslaget.
- Ansvarleg for politiattestar noterar seg dato for når politiattesten vart vist fram. Sjølve attesten beheld søkjaren sjølv.
- Det er viktig at ansvarleg for politiattestar lagar eit godt system for innhenting og oppfølging av desse. Sjå vedlagt døme på skjema (internt oversiktsskjema for politiattestar). Registeret skal ikkje visast andre i idrettslaget.